



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2156 - 18/28197

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
13.09.2018

Oversender søknad om dispensasjon for oppføring av bustad og garasje til uttale - gbnr 233/177 Eide indre

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 233/177
Tiltakshavar: Kim Robert Fureli
Ansvarleg søkjar: Seim Bolig AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad og garasje.

Det er gjeve dispensasjon frå LNF og løyve til deling av grunneigedom til bustadtomt, datert 30.11.2015 – gbnr 233/12 Eide. I vedtaket er det ikkje spesifisert kva slags bustad som skal byggast. Det må søkjast dispensasjon for bygging. Eigedommen er 1510,2m². Det er Seim Bustad AS som fremjar søknad om dispensasjon på vegne av heimelshavarane; Martine Cecilie Holmen Fureli og Kim Robert Fureli.

Heimelshavarane ønskjer å bygge bustad og garasje på eigedommen for å busette seg der. Dei viser til annen eigedom i vest som har fått løyve til oppføring av bustad. Det er gjeve dispensasjon frå LNF for oppføring av einebustad som erstatning for fritidsbustad, utsleppsløyve for slamavskiljar med leidning til sjø og løyve til oppføring av bustad, datert 12.11.2009, på gbnr 234/34.

Planstatus


Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 (KPA) er definert som LNF. Rett ved sidan av eigedommen ligg feltet Eidatræet som er satt av til spreidd bustadbygging med ein eining i planperioden.



Utsnitt av KPA



Utsnitt grunnkart



Tilkomst

Tilkomst til eigedomen må skje frå privat veg via kommunal veg for så å køyre ut på Fv 394. Det er ikkje søkt eller gjeve uttale om avkøyringsløyve frå vegavdelinga i kommunen. Det er naudsynt med uttale frå vegavdelinga om moglegheita for utvida avkøyringsløyve ved søknad om dispensasjon.

Vatn og avløp

Det er ikkje kommunal vatn- eller avløpsledning i området. Avløpshandtering vil skje ved påkopling til privat anlegg. Det ligg ikkje føre målsatt situasjonsplan som viser korleis veg, vatn- og avløp er planlagt løyst.

Jordlova

I sak 18/2156 – gbnr 233/177 er det søkt om dispensasjon frå LNF for oppføring av ein bustad og garasje. Det er gjeve dispensasjon frå LNF og løyve til deling den 30.11.2015 til bustadtomt. Deler av arealet er registrert som innmarksbeite, men det er ikkje gjeve løyve etter jordlova. Det føreligg ikkje vedtak etter jordlova §9 og 12. Parallelt med høyringsfristen vil kommunen innhente løyve etter jordlova.

NIBIO, 13.09.18



Andre tilhøve

Målsatt situasjonskart er ikkje vedlagt. Det er i søknaden ikkje vist planlagt plassering av bygning.

Det er lagt ved plan- snitt og fasade teikningar av bustad og garasje. For bustad er BYA opplyst til å vere 173,4m². BRA 1.etasje er opplyst til å vere 96,7m². Underetasje er opplyst til å vere 93,7m². Samla BRA er 190,4m². Mønehøgde er 6,2m. For garasje er BYA er opplyst til å vere 51,8m². BRA er opplyst til å vere 48,8m². Utrekna %BYA vert $173,4 + 51,8 / 1510,2 * 100 = 14,9 = 15\%$ BYA. Bustaden er innafor KPA pkt. 5.14 som vert nytta som veiledande i saken.

Nabovarsel av Statens Vegvesen – gbnr 233/144 og Hordaland Fylkeskommune - gbnr 233/144 er ikkje gjort. Tiltakshavar er bedt om å legge ved målsatt situasjonskart ved nabovarsel til både Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune. Kommunen har likevel valt å sende saka på høyring for å få avklart moglegheita for ein dispensasjon. Parallelt med høyringsfristen vil kommunen innhenta naudsynt dokumentasjon.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - gbnr 233/177 Eide indre
Nabovarsel
Tegningar
Grunnkart matrikkel - gbnr 233_177
Kommuneplankart - gbnr 233_177
Kommuneplankart oversikt - gbnr 233_177
Ortofoto 2015 - gbnr 233_177

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kjartan Nyhammer			
Planavdelinga			
Rune Kilen			